



Frå og med 13.mars vil Dirdal skole ta i bruk SchoolLink. SchoolLink er ei digital teneste for kommunikasjon mellom skole og føresette i Gjesdal, Klepp og Time kommune. Tenesta skal vere den primære kommunikasjonskanalen for skriftleg kontakt mellom skole og heim.

Tenesta kan nyttas via webportal eller med eigne applikasjonar for smarttelefon og nettbrett. Vi anbefaler alle å laste ned SchoolLink appen, då denne er enklast og raskast i bruk i ein hektisk kvardag.

I løpet av denne veka vil de motta ei tekstmelding frå kontaktlærer. Vi ber om at de svarer på denne meldinga.

Korleis ta i bruk SchoolLink:

1. Gå inn på følgjande nettside: <http://schoollink.no/jaerkommuner>
2. Last ned appen "SchoolLink for foresatte" via Google Play (Android) eller App Store (Apple)
3. Første gong må de logge på med ID-porten (de vil så få tilbod om å setje ein sjølvvalt PIN-kode for seinare innlogging)

Dersom de heller velgjer å bruke webportalen, må de logge på med ID-porten kvar gong.

Funksjonar i SchoolLink:

- sende og motta meldingar mellom heim og skole (moglegheit for å legge til vedlegg)
- eigen funksjon for å melde fråvær
- moglegheit for å booke tid til utviklingssamtalar
- svare på undersøkingar og innhente samtykke

For meir informasjon anbefalar vi å sjå/laste ned brukarveiledning på denne nettsida: <http://schoollink.no/jaerkommuner> Merk at bileta i brukarveiledninga kan vere ulike dei de får opp. Årsaka til dette er at vi enda ikkje har aktivert alle modular/funksjonar i løsinga.

Dirdal skole ønskjer at alle meldingar angående fråvær meldast inn innan klokka 08.30 (då får lærerane informasjon før dei går til undervisning)

Ta kontakt med vårt sentralbord på tlf 51 61 48 25 dersom de ikkje får logga inn på appen eller i webportalen.